

Ambassadørteamet i kampanjen

Vox har sett saman eit team på ni personar som skal vere kompetanseambassadørar for kampanjen i Sogn og Fjordane. Dei vil delta på møte med bedrifter over heile fylket, og skal fortelje om nytta av å kartleggje kompetanse, både for ein sjølv og for bedrifta ein jobbar i. Blant dei ni er det fem leiarar, to tillitsvalde, ein tilsett og ein sjølvstendig næringsdrivande. Dei ni er:



Leif Røv, Nordfjordeid. Tlf. 91 69 76 97

Leiar av ambassadørteamet. Dagleg leiar i Ny Kunnskap, eit fylkeskommunalt selskap som arbeider for å auke bruken av kompetanse som grunnlag for ny vekst i næringslivet. Ny Kunnskap skal vidareføre arbeidet med å motivere bedrifter til å kartleggje og utvikle kompetanse etter at kampanjeperioden er over.



Janna Muller-Planting, Stryn. Tlf. 41 62 97 65

Bunadstilverkar som var sjølvlært, men som har fått papir på det ho kan. Har eige firma som no er godkjent som læringebedrift for nye rekruttar til bunadsfaget.



Harald Holmøyvik, Hornindal. Tlf. 57 87 83 10/91 89 50 70

Produksjonssjef på Ekornes Møbler, avd. Grodås. Bedrifta har i tre år jobba systematisk med kartlegging og utvikling av kompetansen til dei tilsette. Medan mange møbelbedrifter har flagga ut, har Ekornes på Grodås auka produksjonen og tatt heim delproduksjon dei hadde i Romania. Dei produserer betre og billegare sjølve.



Edvin Haugen, Hornindal. Tlf. 90 84 12 49

Hovudtillitsvald på Ekornes Møbler, avd. Grodås. –Eg er sikker på at kompetansekartlegginga vår medverkar til å tryggje arbeidsplassane, seier han.

Signe Mehl, Førde. Tlf 57 83 20 80 / 90 65 96 29

Mellomleiar i Gilde Vest, avd. Førde

Har sentral rolle i leiarutvikling og kompetanseutvikling i bedrifta.

– Store kundar seier at arbeidsstokken vår er veldig endringsdyktig, og at vi er raske med å tilpasse oss til nye krav.



Jakob Sætre, Førde. Tlf. 57 82 29 07/95 08 56 91

Driftssjef Gilde Vest i Førde. I fem år har bedrifta jobba systematisk med dokumentasjon av kompetanse. Mindre svinn, lågare sjukefråvær, større openheit mellom leiarar og tilsette og fokus på endring er nokre av resultatata.



Bjørn Bygstad, Førde. Tlf. 57 83 42 43/48 01 17 55

Hovudtillitsvald, Gilde Vest i Førde

– Før hadde vi stor innverknad på korleis vi skulle produsere. No er det kundane som bestemmer.

Arbeidsplassane våre er heilt avhengige av at vi har rett kompetanse og kan levere det kundane vil ha.



Per Gulestøl, Kalvåg i Bremanger. Tlf.57 79 56 40/90 72 36 83

Industrimekanikar, Prosafe Drilling AS.

Var ufaglært, men hadde mange års erfaring som mekanikar. Hadde jobba seg opp til sjef, men ønskte anna arbeid. Fekk kartlagt kompetansen og har fått fagbrev som industrimekanikar.

– No er eg steike rak i ryggen, seier han.



Stig Andersen, Bergen. Tlf 55 98 68 18/90 60 67 62

Personalsjef i Prosafe Drilling AS

Selskap med ca. 700 tilsette som arbeider med boring og servicearbeid i Nordsjøen.

– Kundane forlanger at vi dokumenterer erfaring og kompetanse. Ein opplæringslogg som følgjer den einskilde medarbeidaren gjev oss den oversikta vi treng i anbodsrundane.